


200709470-5

A: 315



Eikesdal Sameige
v/ Rune H. Finnset
6472 EIKESDAL

Eikesdal Grunneigarlag
v/ Else Janne Sæter
6472 EIKESDAL

NVE
Konsesjons og tilsynsavd.
Postboks 5091
0301 Oslo

Eikesdal 20.01.08

**Uttale ang. revisjon av konsesjonsvilkår for Aurareguleringa.
NINA rapport 275, krav til vannføring for å reetablere en laksebestand i Aura.**

Eikesdal Sameige og Eikesdal Grunneigarlag støttar uttalen frå Nesset Fjellstyre.

Vi vil i tillegg presisere at mandatet og oppdraget som ligg til grunn for denne rapporten for oss ser ut til å vere for snevert definert frå oppdragsgjevaren si side. Eit vassdrag er ei heilheitleg og levande "organisme" og alt i dette økosystemet heng nøye saman. Det er desse samanhengane rapporten ikkje seier noko om. Her er artsmangfoldet svært viktig. Forholda for laks og aure er berre ein del av dette totalbildet.

Vi finn det derfor merkeleg at deler av vassdraget ikkje er handsama i rapporten, noko som gjer at rapporten slik han no foreligg, framstår som mangelfull. Verken forholda i Litjvatnet eller i Eikesdalsvatnet er utreda, og det har frå lokalt hald gjentatte gonger vore uttrykt stor bekymring f.eks for den tiltakande attgroinga i dei to vatna som gradvis har funne stad etter utbygginga.

Vi er kjent med at det er planer om å spyle som tiltak mot botngroing, men dette er etter vårt syn i beste fall berre ei midlertidig og kortsiktig utbetring. Det må settast i verk tiltak av varig karakter, og da kjem ein ikkje utanom ei betrakteleg auke i minstevassføringa i Aura frå framanfor Finnset.

Med helsing
Eikesdal Sameige

Rune H. Finnset
Rune H. Finnset
leiar

Eikesdal Grunneigarlag

Else Janne Sæter
Else Janne Sæter
leiar